

# Konsesjonssøknad



## Øyrane kraftverk

Gloppen kommune

Røyrvik Kraft – 7.November 2015



NVE – Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

07.11.2015

## Søknad om konsesjon for bygging av Øyrane kraftverk

Røyrvik Kraft SUS ønsker å nytte vassfallet i Nipeelva i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

### I Etter lov av 14. desember 1917 nr. 17 om vassdragsreguleringar om løyve til:

- å bygge Øyrane kraftverk i Gloppen kommune
- å regulere Røyrvikstøylsvatn med 1 meter mellom LRV på kote 551 og HRV på kote 552.

### II Etter energiloven om løyve til:

- bygging og drift av Øyrane kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og høgspentkabler som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Jostein Arne Røyrvik

Røyrvik Kraft SUS  
v/Jostein Arne Røyrvik  
Røyrvik  
6829 Hyen

Rådgjevar:  
Erik Utheim  
Mobil: 480 54 369  
E-post: e.utheim@online.no

# **Øyrane kraftverk, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane**

## **Søknad om konsesjon**

### **Samandrag**

Nipeelva er tenkt nytta til kraftproduksjon gjennom bygging av Øyrane kraftverk. Det er presentert tre utbyggingsalternativ, der alle dei tre alternativa er like i den tekniske utforminga. Det som ulikt på alternativa er graden av regulering av Rørvikstøylsvatnet. Dei tre alternativa er presentert slik:

Alternativ 1: Regulering av Rørvikstøylsvatnet med 1 meter. 0,3 meter i perioden 15. mai-15. juli.

Alternativ 2: Regulering av Rørvikstøylsvatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon som er 0,6 meter. 0,3 meter i perioden 15. mai-15. juli.

Alternativ 3: Ingen regulering av Rørvikstøylsvatnet.

Alle dei tre alternativa er dimensjonert for ei maksimal slukeevne på 200 % av middelvassføringa. Øyrane kraftverk vil nytte avrenninga frå eit felt på 6,05 km<sup>2</sup>, der den spesifikke avrenninga er 95 liter/sek/km. Dette vil gje ei middelvassføring til Rørvikstøylsvatnet, som blir inntaksmagasinet til Øyrane kraftverk på 565 liter/sek. Brutto fallhøgde frå inntaket på kote 552 til kraftverket på kote 265 blir på 287 meter. Foreslått minstevassføring 40 l/sek. gjennom sommarhalvåret og 36 l/sek. i vinterhalvåret. Installasjonen vil vere 2,75 MW og estimert årsproduksjon 11,6 GWh. Effekten av reguleringa er berekna til 1,73 GWh.

Vassvegen til kraftverket er tenkt utført med nedgrave røyr, der ein nytta GRP røyr øvst i traseen mens det nedst mot kraftverket er tenkt duktile støypejernsrøyr. Diameteren på røyra blir på 0,7 meter, mens total lengde på røyrgata blir 1885 meter.

Inntaket til Øyrane kraftverk, vil bli plassert ved sida av utløpet av Rørvikstøylsvatnet i Nipedalen. Det vil bli støypt ein lav terskel og inntakskonstruksjon med konus, ventil, lufting og rist. Inntaket vil og bli utrusta med utstyr for slepp og måling av minstevassføring.

Kraftverket blir plassert og ein vil sleppa vatnet frå kraftverket ut att i elva om lag 320 meter ovafor innløpet til Øyravatnet.

Frå kommunevegen i Rørvik er det i dag ein skogsveg fram til kraftstasjonsområdet. Denne vegen må opp rustast. I tillegg må det byggjast ein veg på om lag 60 meter fram til kraftstasjonen og ein veg på om lag 2,4 km fram til inntaket.

Kotehøgder på Rørvikstøylsvatn og Øyravatn er ikkje inn målte på dette stadiet, så høgdene som er nytta er henta frå kart. Her kan det bli mindre endringer i teknisk plan.

## Samandrag for utbygginga

|                                   |                     |                              |                |
|-----------------------------------|---------------------|------------------------------|----------------|
| <b>Fylke</b>                      | Sogn og Fjordane    | <b>Inntak kote</b>           | 552            |
| <b>Kommune</b>                    | Gloppen             | <b>Utløp kote</b>            | 265            |
| <b>Elv</b>                        | Nipeelva            | <b>Installert effekt MW</b>  | 2,75           |
| <b>Nedbørsfelt km<sup>2</sup></b> | 6,1                 | <b>Produksjon år GWh</b>     | 11,6/11,4/9,87 |
| <b>Middelvassføring l/sek</b>     | 581                 | <b>Utbyggingskost MNOK</b>   | 34,5           |
| <b>Minstevassføring l/sek</b>     | 40 sommar/36 vinter | <b>Utbyggingspris kr/kWh</b> | 2,97/3,01/3,49 |
| <b>Magasin mill m<sup>3</sup></b> | 1,48/0,88/0         | <b>Restfelt</b>              | 2,27           |

Konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn er lista i tabellen. Planlagde avbøtande tiltak er naturleg revgetering, minstevassføring

| <b>Fagtema</b>              | <b>Verdi</b>      | <b>Konsekvens</b>         |
|-----------------------------|-------------------|---------------------------|
| Vasstemp., is og lokalklima | Liten             | Liten negativ             |
| Grunnvatn                   | Liten             | Ubetydeleg                |
| Ras, flaum og erosjon       | Liten             | Liten negativ             |
| Raudlisteartar              | Middels           | Liten negativ             |
| Terrestrisk miljø           | Middels til liten | Liten negativ             |
| Akvatisk miljø              | Liten             | Liten negativ             |
| Landskap                    | Middels           | Liten negativ             |
| Kulturminne og kulturmiljø  | Liten             | Ubetydeleg                |
| Jord og skogressursar       | Middels           | Middels positiv           |
| Ferskvassressursar          | Liten             | Ubetydeleg                |
| Brukarteresser              | Middels           | Middels positiv           |
| Samfunnsmessige verknader   | Middels           | Liten til middels positiv |
| Kraftliner/kabelgrøft       | Middels           | Liten til middels negativ |



# Innhald

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1 Innleiing.....</b>  | <b>1</b>  |
| 1.1     Om søkeren.....  | 1         |
| 1.2     Grunngjeving for tiltaket .....                            | 1         |
| 1.3     Geografisk plassering av tiltaket.....                     | 1         |
| 1.4     Skildring av området.....                                  | 2         |
| 1.5     Eksisterande inngrep.....                                  | 3         |
| 1.6     Samanlikning med nærliggende vassdrag .....                | 3         |
| <b>2 Omtale av tiltaket.....</b>                                   | <b>6</b>  |
| 2.1     Hovuddata .....  | 6         |
| 2.2     Teknisk plan for det søkte alternativet.....               | 7         |
| 2.3     Kostnadsoverslag .....                                     | 16        |
| 2.4     Fordeler og ulemper ved tiltaket.....                      | 16        |
| 2.5     Arealbruk og eigedomsforhold .....                         | 17        |
| 2.6     Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringer ..... | 17        |
| <b>3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn .....</b>        | <b>20</b> |
| 3.1     Hydrologi.....   | 20        |
| 3.2     Vasstemperatur, isforhold og lokalklima .....              | 21        |
| 3.2.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 21        |
| 3.3     Grunnvatn .....  | 21        |
| 3.3.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 21        |
| 3.4     Ras, flaum og erosjon .....                                | 22        |
| 3.4.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 22        |
| 3.5     Raudlistearter .....                                       | 22        |
| 3.5.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 23        |
| 3.6     Terrestrisk miljø .....                                    | 24        |
| 3.6.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 24        |
| 3.7     Akvatisk miljø .....                                       | 24        |
| 3.7.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 24        |
| 3.8     Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....     | 24        |
| 3.9     Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....           | 25        |
| 3.8.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 26        |
| 3.10    Kulturminne og kulturmiljø .....                           | 26        |
| 3.8.1 Konsekvensvurdering.....                                     | 26        |
| 3.11    Reindrift .....  | 27        |
| 3.12    Jord- og skogressursar .....                               | 27        |
| 3.12.1 Konsekvensvurdering.....                                    | 27        |
| 3.13    Ferskvassressursar .....                                   | 28        |
| 3.13.1 Konsekvensvurdering.....                                    | 28        |
| 3.14    Brukarinteresser .....                                     | 28        |
| 3.14.1 Konsekvensvurdering.....                                    | 28        |
| 3.15    Samfunnsmessige verknadar .....                            | 28        |
| 3.15.1 Konsekvensvurdering.....                                    | 28        |
| 3.16    Kraftliner.....  | 28        |

|        |   |    |
|--------|---|----|
| 3.16.1 | <i>Konsekvensvurdering</i> .....          | 28 |
| 3.17   | Dam og trykkrør.....                      | 29 |
| 3.18   | Ev. alternative utbyggingsløysingar ..... | 29 |
| 3.19   | Samla vurdering .....                     | 29 |
| 3.20   | Samla belastning .....                    | 31 |
| 4      | <b>Avbøtande tiltak</b> .....             | 31 |
| 5      | <b>Referansar og grunnlagsdata</b> .....  | 32 |
| 6      | <b>Vedlegg til søknaden</b> .....         | 32 |

## **1 Innleiing**

### **1.1 Om sokjaren**

Selskapet Røyrvik Kraft SUS er eit selskap under stifting og held til i Gloppen i Sogn og Fjordane. Selskapet er privat eigmeldt av grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

**Tabell 1:** Oversikt over eigarane i selskapet.

| Eigar                | Gnr./Bnr.            | Eigarandel % |
|----------------------|----------------------|--------------|
| Arne Gjengedal       | 1/22                 | 24,83        |
| Anna Engelstad       | 2/22                 | 20,15        |
| Jostein Arne Røyrvik | 3/22                 | 38,87        |
| Torvald Støylen      | 4, 6/22              | 6,11         |
| Erik Utheim          | 5/22                 | 2,87         |
| Solveig Røyrvik      | 8/22                 | 5,73         |
| Karen Røyrvik        | 9, 10, 11, 14, 15/22 | 1,43         |

### **1.2 Grunngjeving for tiltaket**


Røyrvik Kraft SUS ynskjer å bygge eit småkraftverk i Nipeelva. Lønsemda innan jordbruk er svak og føremålet med tiltaket er å styrke busetting og næringsgrunnlag. Dette tiltaket har ikkje tidlegare vore vurdert etter Vassressurslova.

Bygging av omsøkte kraftverk vil gi samfunnsmessige fordelar gjennom bidrag til den lokale og nasjonale kraftoppdekninga. Auka lokal produksjon kan føre til redusert import av mindre miljøvenleg energi.

Selskapet vil i tillegg söke om å få bygge Røyrvik kraftverk.

### **1.3 Geografisk plassering av tiltaket**

Nipeelva (vassdragnummer 0,85H) ligg øvst i Osevassdraget i Gloppen kommune i Sogn og fjordane. Osevassdraget renn ut i Høydalsfjorden i Flora kommune. Prosjektområdet ligg om lag 7 km sørvest for Hyen. Sjå kart fig. 1.



**Fig.1:** Kartutsnitt som viser kvar i Sogn og Fjordane tiltaket er plassert.

#### 1.4 Skildring av området

Nedbørsfeltet til Røyrvikstøylsvatnet som er inntaksmagasinet til Øyrane kraftverk ligg på eit høgdeplatå, der dalføra mot austre og vestre Hyen avgrensa arealet. Midt i nedbørsfeltet ligg Røyrvikstøylsvatnet med eit areal på 1,5 km<sup>2</sup>. Vatnet er omkransa av fjelltoppar med Blåfjellet i vest og Nibba og Storefjellet i nord og nordaust. I søraust ligg Selda som den høgste av fjelltoppane med sine 880 moh. Mot sør ligg Bruraknappen og Tverreggja.

Det meste av tilsiget til Røyrvikstøylsvatnet kjem frå felta nord og vest for vatnet. Den støste av elvane har sitt utspring i småvatna ved Blåfjellet og renn ut i Røyrvikstøylsvatnet ved støylsområdet. I nord er området prega av mange mindre vatn og tjern som drenerer mot sør.

Frå utløpet av Røyrvikstøylsvatnet øvst i Nipedalen renn Nipeelva mot sørvest mellom Selda og Tverreggja. I øvste del av Nipedalen renn elva i flatt terrengr omkransa av fjellbjørk nede i dalbotnen og snaufjell oppover fjellsidene. Om lag 500 meter nede i dalen, ved kote 530, går elva over til å renne i stryk og fossar, før den roar seg nede i dalbotnen. I det bratte partiet renn elva i eit gjel, omkransa av tett skog og er soleis lite synleg. Etter eit flatare parti, går elva over i stryk, dei siste 150 meter ned mot kraftstasjonsområdet. Nedanfor avløpet frå kraftstasjonen, renn elva roleg i eit myrområde om lag 350 meter før den renn ut i Øyravatnet.

## **1.5 Eksisterande inngrep**

Frå kommunevegen i Rørvik er det bygd skogsveg om lag 200 meter forbi det planlagde kraftstasjonsområdet. Innanfor prosjektorrådet og området mellom Øyravatnet og Rørvikstøylsvatnet finns det ingen hytter eller andre bygningar. 200-300 meter frå den planlagde kraftstasjonen finns restane av ei hytte. Sett bort frå dette og skogsdrift er det ingen eksisterande inngrep i prosjektorrådet.

## **1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag**

Nipeelva renn ut frå Rørvikstøylsvatnet og i utløpet av vatnet, ved inntak staden har vatnet eit tilsig på 18,35 m<sup>3</sup> frå eit felt på 6,1 km<sup>2</sup>. Frå utløpet renn Nipeelva ned Nipedalen og fram til kraftstasjonen om lag 320 meter ovanfor innløpet til Øyravatnet. Mellom inntaket og kraftstasjonen har elva eit tilsig på 5,86 mill. m<sup>3</sup>, frå eit restfelt på 2,3 km<sup>2</sup>. Dett gjev eit midlare avrenning frå restfeltet på 210 liter /sek.

Frå Øyravatnet renn Rørvikelva i ein strekning på 500 meter før den går i samløp med Langevassgropa. I samløpspunktet har elvane eit tilsig på 40,5 mill. m<sup>3</sup> frå eit felt på 15,5 km<sup>2</sup>, av dette kjem 8,3 mill. m<sup>3</sup> frå feltet (3,5 km<sup>2</sup>) til Langevatnet. Rørvik Kraft SUS søker om å utnytte fallet mellom Øyravatnet og Rørvikvatnet og feltet frå Langvatnet, ved å overføre vatnet frå Langevassgropa inn i Øyravatnet.

Osevassdraget er det største av vassdraga i Hyenområdet og tidlegare er det bygd ut 3 kraftverk; Sagefossen, Skogheim og Heimset Kraftverk. Sett bort frå dei to planlagde kraftverka i Rørvik, er det ikkje kjende planer om fleire utbyggingar i hovudvassdraget, mens det er planer om småkraftverk i sideelvar i Eimhjellen, Solheim og ved Løkkebø.

I Hyenområdet er det i andre vassdrag tidlegare utbygd 3 kraftverk; Brekkefossen kraftverk, Rognkleiv kraftverk og Tjøtaelva kraftverk. Kraftverk under planlegging: Gjengedal Kraftverk, Ommedal kraftverk, Tverrelva på Aa, Kaldevatnet kraftverk og Sesselva kraftverk. Det er usikkert kor mange av desse prosjekta som blir realisert.


Osevassdraget ligg midt mellom to landskapsvernombjørder: Naustdal og Gjengedal landskapsvernombjørde og Ålfoten landskapsvernombjørde. Kraftverka i vassdraget ligg dermed ikkje nær verna vassdrag. Dei fleste av dei andre kraftverka og kraftverksplanane i Hyenområdet, ligg tett inn til dei to omtala landskapsvernombjørda.

**Tabell 2:** Utbygde kraftverk i nærområdet til Nipeelva

| <b>Utbygde kraftverk i Osevassdraget</b> |                  |             |
|--|------------------|-------------|
| <b>Namn kraftverk</b>                    | <b>Effekt MW</b> | <b>Fase</b> |
| Heimseta kraftverk                       | 1                | Utbygd      |
| Skogheim Kraftverk                       | 7,6              | Utbygd      |
| Sagefossen kraftverk                     | 10               | Utbygd      |


| <b>Utbygde kraftverk i Hyenområdet</b> |          |               |
|--|----------|---------------|
| <b>Brekkefossen kraftverk</b>          | <b>4</b> | <b>Utbygd</b> |
| Rønneklev kraftverk                    | 3        | Utbygd        |
| Tjøtaelva kraftverk                    | 2,3      | Utbygd        |



**Fig.2:** Kartutsnitt som viser utbygde kraftverk i området.

**Tabell 3:**

| Planlagde kraftverk i nærområdet |                        |           |                 |  |
|----------------------------------|------------------------|-----------|-----------------|--|
| Namn kraftverk                   | Avstand luftlinje i km | Effekt MW | Fase            |  |
| Gjengedal kraftverk              | 5,6                    | 51        | Konseksjonssøkt |  |
| Ommedal kraftverk                | 3,9                    | 6,5       | Konseksjonssøkt |  |
| Røyrvik kraftverk                | 0,4                    | 1,4       | Konseksjonssøkt |  |
| Aa-Tverrelva kraftverk           | 5,5                    | 5,49      | Fått konseksjon |  |
| Sesselva kraftverk               | 11,2                   | 2,45      | Konseksjonssøkt |  |
| Kaldeelva kraftverk              | 5,1                    | 4,95      | Konseksjonssøkt |  |
| Haugaelva kraftverk              | 5,6                    | 2,2       | Konseksjonssøkt |  |
| Solheim kraftverk                | 9,8                    | 1,2       | Konseksjonssøkt |  |



**Fig.3:** Kartutsnitt som viser planlagde kraftverk i området.

## 2 Omtale av tiltaket

### 2.1 Hovuddata

Tab.4:

| <b>Øyrane kraftverk, hovuddata</b>  |                      |              |              |                |
|-------------------------------------|----------------------|--------------|--------------|----------------|
| <b>TILSIG</b>                       |                      | Alternativ 1 | Alternativ 2 | Alternativ 2   |
| Nedbørfelt*                         | km <sup>2</sup>      | 6,1          | 6,1          | 6,1            |
| Årleg tilsig til inntaket           | mill.m <sup>3</sup>  | 18,35        | 18,35        | 18,35          |
| Spesifikk avrenning                 | l/s/km <sup>2</sup>  | 95,4         | 95,4         | 95,4           |
| Middelvassføring                    | l/s                  | 581          | 581          | 581            |
| Alminnelig lågvassføring            | l/s                  | 26           | 26           | 26             |
| 5-percentil sommar (1/5-30/9)       | l/s                  | 40           | 40           | 40             |
| 5-percentil vinter (1/10-30/4)      | l/s                  | 36           | 36           | 36             |
| Restvassføring**                    | l/s                  | 210          | 210          | 210            |
| <b>KRAFTVERK</b>                    |                      |              |              |                |
| Inntak                              | moh.                 | 552          | 552          | 551            |
| Magasinvolum                        | m <sup>3</sup>       | 1 479 000    | 887 000      | 0              |
| Avløp                               | moh.                 | 265          | 265          | 265            |
| Lengde på råka elvestrekning        | km                   | 2,4          | 2,4          | 2,4            |
| Brutto fallhøgd                     | m                    | 287          | 287          | 287            |
| Gjennomsnittleg energiekvivalent    | kWh/m <sup>3</sup>   | 0,66         | 0,66         | 0,66           |
| Slukeevne, maks                     | l/s                  | 1200         | 1200         | 1200           |
| Slukeevne, min                      | l/s                  | 80           | 80           | 80             |
| Planlagt minstevassføring, sommar   | l/s                  | 40           | 40           | 40             |
| Planlagt minstevassføring, vinter   | l/s                  | 36           | 36           | 36             |
| Tilløpsrøyr, diameter               | mm.                  | 700          | 700          | 700            |
| Tilløpsrøyr lengde                  | m                    | 1885         | 1885         | 1885           |
| Installert effekt, maks             | MW                   | 2,75         | 2,75         | 2,75           |
| Brukstid                            | timar                | 4073         | 4000         | 3730           |
| <b>REGULERINGSMAGASIN</b>           |                      |              |              |                |
| Magasinvolum                        | mill. m <sup>3</sup> | 1,47         | 0,87         | 0              |
| HRV                                 | moh.                 | 552          | 552          | Ikkje regulert |
| LRV                                 | moh.                 | 551          | 551,4        | Ikkje regulert |
| Naturhestekrefter bestem./median år | nat.hk               | 681/1172     | 478/900      | 0              |
| <b>PRODUKSJON***</b>                |                      |              |              |                |
| Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)    | GWh                  | 4,94         | 4,87         | 4,00           |
| Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)     | GWh                  | 6,62         | 6,57         | 5,86           |
| Produksjon, årleg middel (alt 1)    | GWh                  | 11,6         | 11,44        | 9,87           |
| <b>ØKONOMI</b>                      |                      |              |              |                |
| Utbyggingskostnad (år)              | mill. kr             | 34,5         | 34,5         | 34,5           |
| Utbyggingspris (år)                 | Kr/kWh               | 2,97         | 3,01         | 3,49           |

\*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket

\*\*restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

\*\*\* Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

**Tab.5:**

| <b>Øyrane kraftverk, Elektriske anlegg</b> |       |         |
|--|-------|---------|
| <b>GENERATOR</b>                           |       |         |
| Yting                                      | MVA   | 2,8     |
| Spanning                                   | V     | 999     |
|  |       |         |
| <b>TRANSFORMATOR</b>                       |       |         |
| Yting                                      | MVA   | 3,00    |
| Omsetning                                  | kV/kV | 0,99/22 |
|  |       |         |
| <b>NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)</b>   |       |         |
| Lengd jordkabel                            | m     | 1280    |
| Nominell spenning                          | kV    | 22      |

## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Viser til planksisse i vedlegg 2.

Øyrane kraftverk vil utnytte fallet mellom kote 552 med eit inntak på vestre side av utløpet frå Rørvikstøylsvatnet og til kote 265 (utløp/turbinsenter) der vatnet blir sleppt ut att i Nipeelva om lag 320 meter ovanfor utløpet til Øyravatnet.

Frå inntaket er vassvegen planlagt som nedgrave rør fram til kraftstasjonen. Det er ikkje avklart kva røyrtypes som skal nyttast, men mest sannsynleg vil det bli lagt GRP røyr frå inntaket på kote 552 til om lag kote 530, og derfrå duktile støypejernsrøyr fram til kraftstasjonen. Total lengde på røyrgata er 1885 meter, der diameter vil bli 0,7 meter

Installert effekt er planlagt til 2,75 MW, mens maksimal vassføring er simulert til 1,2 m<sup>3</sup>.

Alle dei tre alternativa er like i forhold til teknisk utføring. Det som skil dei er graden av regulering av Rørvikstøylsvatnet. Dei tre alternativa er presenter slik:

Alternativ 1: Regulering av Rørvikstøylsvatnet med 1 meter.(0,3 meter i perioden 15. mai -15. juli)


Alternativ 2: Regulering av Rørvikstøylsvatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon som er 0,6 meter. (0,3 meter i perioden 15. mai -15. juli)

Alternativ 3: Ingen regulering av Rørvikstøylsvatnet.


Det er ikkje planar om overføring av vatn frå nabofelt.

Frå Øyrane kraftverk er det føresett 637 m jordkabel (22 kV) i eiga grøft fram til inntaket til Rørvik kraftverk og 640 meter kabel liggande i felles grøft saman med kraftverksrøyna til Rørvik kraftverk. Frå kraftverket ved Rørvikvatnet vil det gå ein om lag 200 m lang felles kabel fram til tilknytingspunktet.

Frå kommunevegen i Rørvik er det i dag ein skogsveg fram til kraftstasjonsområdet. Denne vegen må opp rustast. I tillegg må det byggjast ein veg på om lag 60 meter fram til kraftstasjonen og ein veg på om lag 2,4 km fram til inntaket. Eksisterande og nye vegar er tenkt permanente.



**Fig.4:** Bilde viser prosjektområdet til Øyrane kraftverk.



**Fig.5:** Kart som viser prosjektområdet til Øyrane kraftverk.

## 2.2.1 Hydrologi og tilsig

Fleire målestasjonar er vurdert til hydrologiske analysar og produksjonsberekingar. Fleire faktorar er lagt til grunn for vurderinga: topografi, breandel, effektiv sjøprosent, snau fjellandel, feltareal, tilsig, klimatiske tilhøve, avstand til prosjektområdet og kvaliteten på måleseriane.

Frå oktober 2013 er det gjort vassføringsmålingar for nedbørssfeltet til Øyrane kraftverk. Målestasjonen er plassert i utløpet av Øyravatnet og har dermed med seg heile nedbørssfeltet til Øyrane kraftverk, restfeltet og i tillegg nedbørssfeltet rundt Øyravatnet. SWECO har hatt ansvaret for det hydrologiske grunnlaget for konsesjonssøknaden. Med grunnlag i registrerte vassføringer er det utarbeidd ein måleserie som deretter er nytta for å finne det vassmerke som samsvarar best med nedbørssfeltet til målestasjonen. VM 86.10.0 Åvatn er valt for å simulere produksjonen til Øyrane kraftverk.

Grunnen til at vassmerke VM 86.10.0 Åvatn vart nytta for simulering av produksjonen til Øyrane kraftverk, var at dette vassmerket hadde ei varigheitskurve på det nærmeste var identisk med varigheitskurva til målestasjonen ved Øyravatnet. VM 86.10.0 Åvatn drenerer avrenninga frå det meste av Gjengedalsvassdraget og ligg tett inn til nedbørssfeltet til Øyrane kraftverk.




Fig.6: Varigheitskurve for Øyravatn og Åvatn


Med bakgrunn i at ein har ein målestasjon i nedbørssfeltet til Øyrane kraftverk, har ein lagt mindre vekt på å finne vassmerke som har feltparameter som er i samsvar med nedbørssfeltet til Øyrane kraftverk. Ein har i større grad prøvd å finne vassmerke som har varigheitskurve som samsvarar med det målte feltet.

For å få ein rettast mogeleg 5-persentil for nedbørssfeltet har denne vorte generert ut frå måleserien frå Øyravatnet, mens for produksjonssimulering har ein nytta vassmerke 85.10.0 Åvatn.


Tabell 6 viser feltparameter for nedbørsfeltet til Øyrane kraftverk, målestasjonen i utløpet av Øyravatnet og nærliggande stasjoner i området. Det valde vassmerke 85.10.0 Åvatn er vist i tabellen med uthetva skrift.

**Tabell 6:**

| Måleserie                   | Måleperiode       | Feltareal       | Breandel   | Eff. sjø   | Snaufjell   | Spes.avr.             | Høydeinterv    |
|-----------------------------|-------------------|-----------------|------------|------------|-------------|-----------------------|----------------|
| Vassmerke                   |                   | Km <sup>2</sup> | %          | %          | %           | l/sek/km <sup>2</sup> | moh            |
| <b>85.10.0 Åvatn</b>        | <b>1975-2014</b>  | <b>162,1</b>    | <b>1,1</b> | <b>1,5</b> | <b>64,2</b> | <b>79,9</b>           | <b>27-1465</b> |
| <i>Utløp Rørvikstøylsv.</i> | <i>Ikkje målt</i> | 6,1             | 0,0        | 23,7       | 74,4        | 95,4                  | 552-876        |
| <i>Utløp Øyravatn</i>       | 2013-             | 11,5            | 0,0        | 7,2        | 57,4        | 87,9                  | 260-876        |
| 60.4.0 Gjengedalsvatn       | 1964-2001         | 56,0            | 3,0        | 8,8        | 75,1        | 99,0                  | 482-1465       |
| 85.12.0 Eimhjellevatn       | 1999-             | 104,9           | 0,0        | 44,9       | 44,9        | 90,9                  | 121-1117       |
| 85.15.0 Heimsetelva         | 2004-             | 23,8            | 0,0        | 4,2        | 39,9        | 63,6                  | 133-878        |
| 85.13.0 Storevatn           | 1999-             | 12,5            | 0,0        | 11,3       | 75,4        | 117,2                 | 478-1028       |



**Fig.7:** Kart som viser nedbørsfeltet til Øyrane kraftverk



**Fig.8:** Fleirårsstasestikk vassføring månadsmiddel. Gjeld alt. 1- alt 2 og 3 sjå skjema hydrologi.



**Fig.9:** Fleirårstatistikk vassføring: døgnverdier. Gjeld alt. 1- alt 2 og 3 sjå skjema hydrologi.

## 2.2.2 Overføringar

Det er ikkje planlagt overføringar frå andre nedbørssfelt.

### **2.2.3 Reguleringsmagasin**

Det er presentert tre alternativ for regulering Rørvikstøylsvatnet:

Alternativ 1: Regulering av Rørvikstøylsvatnet med 1 meter. 0,3 meter i perioden 15. mai-15. juli.

Alternativ 2: Regulering av Rørvikstøylsvatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon som er 0,6 meter. 0,3 meter i perioden 15. mai-15. juli.

Alternativ 3: Ingen regulering av Rørvikstøylsvatnet.

HRV er lik høgde på terskel i utløpet av Rørvikstøylsvatn og er planlagt å ligge på kote 552 for alle dei tre alternativa, mens LRV vil ligge på kote 551,0 for alternativ 1, kote 551,4 for alternativ 2 og 551,4 er lågaste vasstand for det uregulerte alternativet. Ved flom vil vasstanden stige til om lag kote 552,3. Naturleg vasstand vil ligge mellom kote 552 og 551,4 som før utbygging. Det blir ikkje neddemt eller tørrlagt areal for alternativ 2 og 3. Kotehøgdene er ikkje inn målte på dette stadiet og er teke ut frå kart. Kotehøgdene på vasstanden i Rørvikstøylsvatnet varierer på ulike kart frå 551,5 til 553 moh. Desse vil bli korrigert eksakte høgder i detaljplan.

#### Auke i naturhestekrefter

Bakgrunn og grunnlag

Data for nedbørfelt, avløp, magasin, undervann og vasslepping er teke fra konsesjonssøknaden. Reguleringskurvene for VM 86.10(1975-2014) er nytta. Sidan magasinet blir fylt opp i løpet av en sommarsesong, kjem ikkje partiell reguleringskurve til anvendelse.

Berekningane er utført i samsvar til reglene som nyttast for vassdragsreguleringsloven (bestemmande år) og ervervsloven (median år).

Hovudresultata er satt opp i tabellen under

|                | Alternativ 1      | Alternativ 2      |
|----------------|-------------------|-------------------|
|                | Naturhestekrefter | Naturhestekrefter |
| Bestemmande år | 681               | 478               |
| Median år      | 1172              | 900               |

#### Magasinkart

Det er ikkje utarbeidd magasinkart for Rørvikstøylsvatnet fordi reguleringa er så liten at det ikkje vil bli mogeleg å vise på kart.




**Fig.10:** Bileter frå Rørvikstøylsvatnet som viser vasstanden i ein tørr periode. Det mørke feltet i strandsona viser naturleg vasstandsvariasjon som er 0,6 meter (alt. 2)

## 2.2.4 Inntak

Inntaket til Øyrane er planlagt å ligge på vestre side av utløpet av Rørvikstøylsvatnet. Inntaket vil bli bygd i betong og det meste av inntakskonstruksjonen vil bli senka ned i terrenget. Inntaket vil ha konus, rist, ventil og utstyr for slepping og registrering av minstevassføring.

Ved sida av inntaket vil det bli bygd ein lav terskel over elveløpet. Terskelen vil bli bygd i betong, med ei lengde på om lag 9 meter. Høgda vil variere frå 0 til 3 meter, med ei snithøgde på om lag 1,5 meter.



**Fig.11:** Skisse av inntak i utløp av Rørvikstøylsvatnet.

## Minstevassføring

Minstevassføringa vil bli sleppt frå inntaket med utstyr for kontinuerleg registrering av minstevassføringa. Måling og synleggjering av slepp av minstevassføring ver utført etter gjeldande retningslinjer. Mest sannsynleg målemetode er elektronisk straumningsmåling i rør som blir lagt frå inntaket til ventilhus og vidare tilbake i elva.

### **2.2.5 Vassveg**

#### *Røyrgate*

Lengda på vassvegen til Øyrane kraftverk vil bli på 1885 meter. Det vil mest sannsynleg bli nytta duktile røyr på det meste av vassvegen, der diametern vil bli 700 mm. Kraftverksrøyra vil bli nedgravne på heile strekninga. Øvste del av traseen, ovanfor om lag kote 530, vil røyrgrofta ligge i eller ved sida av vegen til inntaket. Denne delen av traseen ligg over skoggrensa og vegetasjonen består av fjellbjørk, gras og lyng. Fjell er synleg i dagen og ein må derfor sjå for seg noko sprenging for grøft og veg. Lausmassar vil bli lagt til sides for traseen og vil bli nytta til jordslåing av vegskrånningar når veg/ grøftearbeidet er ferdig. Det er planlagt naturleg revegeterering etter at planeringsarbeidet er utført.

På strekninga mellom kote 530 og kraftstasjonen er terrenget brattare. Røyrgata vil verte forlagt i grøft (delvis sprengt og delvis lausmassar). Vegetasjonen består for det meste av skog (furu og bjørk). Det må hoggast og ryddast skog i bredde på 10-20 meter på kvar side av grøfta, avhengig av hellinga på terrenget. Her også vil jord og torv bli lagt til sides som grunnlag for naturleg revegeterering. Inngrepsbredda vil bli 10-20 meter til kvar side av grøfta.

#### *Tunnel*

Det er i utgangspunktet ikkje tenkt bygd tunnel ved nokon av utbyggingane.

### **2.2.6 Kraftstasjon**

Stasjonsbygget er planlagt ved Nipeelva om lag 320 meter ovanfor utløpet til Øyravatnet. Bygget vil ligge langt frå annan bebyggelse og ein ser det derfor som mest naturleg at bygningen vert tilpassa naturen i kraftstasjonsområde med grovt trepanel og torv- eller steintak. Bygget blir om lag  $70\text{ m}^2$ .

I kraftstasjonen installerast ein peltonturbin med effekt på 2,75 MW. Turbinsenter er på ca. kote 265 og brutto fallhøgd er 287 m. Maksimal slukeevne er sett til  $1,2\text{ m}^3/\text{s}$ , og minste slukeevne er  $0,080\text{ m}^3/\text{s}$ .

Det installerast ein generator med effekt på ca. 2,8 MVA med generatorspenning 999 V. Transformatoren vil få ein kapasitet på 3 MVA med omsetning på 0,99/22 kV.

For å redusere støy blir avløpskanalen frå turbinen dykka.

### **2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket**

Køyremønsteret for Øyrane kraftverk vil avvike noko frå småkraftverk utan regulering. Ved auka tilslig til inntaksmagasinet vert effekten auka.

Kjøremønster for alternativ 1 og 2:

Ved LRV vil kraftverket køyre ut tilsiget ned til  $Q_{min} = ca. 80$  liter/sek. Ved auka tilsig vil kraftverket gå med ei last som gjev maksimal virkningsgrad opp til om lag 70 % av reguleringshøgda. Derfrå og opp til overløp vil kraftverket gå med full effekt til vasstanden er tilbake på 70 % av reguleringshøgda, for so å gå over på maksimal virkningsgrad (ca. 80- 90 % av maks effekt) til vasstanden er nede på LRV. Ved LRV vil kraftverket gå på regulering og kjøre ut tilsiget ned til  $Q_{min}$ . For alternativ 1 og 2 blir det søkt om å køyre effektkøyring i den forstand, at ein har ei større last på dagtid når forbruket er størst, for så å regulere ned på natt når forbruket er lågt. Det blir også søkt om å køyre start/stopp av kraftverket.

Kjøremønster for alternativ 3:

Inntaket i alternativ 3, må trekkast så langt nedover i elveløpet at Røyrvikstølsvatnet får ei naturleg avrenning. Kjøremønsteret blir dermed som på eit tradisjonelt elvekraftverk, der ein kører ut vatnet etter tilsiget.

Minstevassføringa vil bli sleppt gjennom inntaket, registrert og overført til kraftverket for lagring der.

## 2.2.8 Vegbygging

Frå kommunevegen i Røyrvik er det bygd skogsveg om lag 200 meter forbi det planlagde kraftstasjonsområdet. Denne vegen må rustast opp på heile strekninga. Frå skogsvegen må det byggast ny permanent veg på om lag 60 meter, med ei vegbredde på omlag 3,5 meter. Deler av denne vegen ligg i eit område der det nyleg er gjennomført snauhogst etter siste orkan.

Frå skogsvegen og oppover langs grøftetraseen er det planlagt permanent veg til inntaket som også skal nyttast i anleggsfasen for framføring av røyr og grøftemasser til grøfta og bygningsmaterialer til inntaksområdet. Vegen vil få ei lengde på 2400 meter med ei bredde på om lag 3,5 meter. På den neste og øvste delen av vegen, vil denne følgje same trasee som grøfta til kraftverksrøyret. I eit brattare parti midt i grøftetraseen vil vegen svinge seg rundt grøftetraseen. Vegen er ikkje detaljprosjeert, men erfaringsvis vil ryddebeltet variere frå 5- 25 meter på kvar side av vegen, avhengig av helling i terrenget.

## 2.2.9 Massetak og deponi

Det er ikkje avklart om det blir behov for massetak i utbyggingsområdet. Dette er avhengig av kva val grunnentreprenøren gjer i forhold til om omfyllingsmassane til grøft og bærelag og grus til vegar skal produserast lokalt eller transporterast inn i prosjektorrådet. Det blir behov for mindre deponi for røter og stein som ikkje kan nyttast til byggearbeidet.

## 2.2.10 Netttilknyting (kraftliner/kablar)

Nettet i området har i dag ikkje kapasitet for Øyrane kraftverk. SFE Nett har levert konsesjonssøknad for ny 132kV kraftleidning frå Storebru til Gjengedal i samband med konsesjonssøknaden av Gjengedal kraftverk. I grunngjevinga for denne leidningen er og nettloysing for Øyrane kraftverk teken med (medrekna under «andre planar»). SFE Nett har utarbeidd konsesjonssøknad for dei nødvendige nettanlegga samt gjere ei samla utgreining av nødvendige tiltak i lokalt distribusjonsnett for tilkopling av planlagde kraftverk. Øyrane kraftverk vil nytte SFE Nett sin områdekonsesjon ved tilknyting til nettet. Sjå vedlagt brev frå SFE Nett As.

### Kundespesifikke nettanlegg

Frå Øyrane kraftverk er det føresett 637 m jordkabel (22 kV) i eiga grøft fram til inntaket til Røyrvik kraftverk og 640 meter kabel liggande i felles grøft saman med kraftverksrøyra til Røyrvik kraftverk.

Frå kraftverket ved Røyrvikvatnet vil det gå ein om lag 200 m lang felles kabel fram til tilknytingspunktet. Mest aktuell type kabel er TSLF 3x1x 95 mm<sup>2</sup>.

### 2.3 Kostnadsoverslag

**Tab.7:**

| Øyrane Kraftverk                                 | mill. NOK   |
|--|-------------|
| Reguleringsanlegg                                | 0           |
| Overføringsanlegg                                | 0           |
| Inntak/dam                                       | 1,75        |
| Driftsvassvegar                                  | 8           |
| Kraftstasjon, bygg                               | 1,91        |
| Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)    | 5,5         |
| Høgspentanlegg                                   | 1,31        |
| Høgspentkabel                                    | 0,6         |
| Transportanlegg vegar                            | 2,9         |
| Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir) | 0,2         |
| Uventa   | 5           |
| Planlegging/administrasjon                       | 2,5         |
| Finansieringsutgifter og avrunding               | 1,4         |
| Anleggsbidrag                                    | 3,4         |
| <b>Sum utbyggingskostnader</b>                   | <b>34,5</b> |

(Prisnivået er basert på 2015 prisar).

### 2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

#### Fordelar

Fordelane er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjonen på ca. 11,6 GWh. Kraftverket vil forbetre næringsgrunnlaget for gardsbruka i Røyrvika og styrke busetjinga på staden.

Reguleringa av Røyrvikstøylsvatnet vil få store fordelar for prosjektet, utan at dette vil gje merkbare miljøkonsekvensar, slik utbyggjar ser det. Sogn og fjordane vil i dei kommande åra få ein stor produksjon av uregulert kraft inn på nettet grunna småkraftutbyggingar og vindkraft. Sjølv om reguleringa er liten, og ikkje vil kunne flytte produksjon frå sommar til vinter, vil likevel anlegget bidra til å levere effekt inn på nettet når behovet er størst. Flomdempinga vil også gje ein positiv effekt for kraftstasjonane nedstrøms i vassdraget. Det er registrert at større flaumar har øydelagt reira for svanene som hekkar i Øyravatnet. Reduserte flaumar vil kunne betra forholda for svanene i hekketida.

Anleggsarbeidet vil gje kortvarig arbeid til nokre få personar, og i driftsfasen vil dagleg drift sysselsette lokale interessentar. Forlenging av skogsvegen vil lette framtidig skogsdrift i området og i tillegg gjere arbeidet med tilsyn av beitedyr enklare. Området øvst i Nipedalen og områda rundt, har tidlegare i liten grad vore nytta som turområde grunna vanskeleg tilkomst. Vegen til inntaksområdet vil gjere dette området attraktivt som turområde.

#### Ulemper

Ulemper ved en utbygging er knytt til redusert vassføring og arealbeslag som følgje av dei fysiske inngrepa. Ulempene er skildra i kapittel 3.

## 2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

### Arealbruk

Tabell 7 viser arealbruken.

**Tab.7:** Arealbruk.

| Inngrep             | Mellombels<br>arealbehov (daa) | Permanent<br>arealbehov (daa) | Ev. merknadar |
|---------------------|--------------------------------|-------------------------------|---------------|
| Reguleringsmagasin  | 0                              | 2                             | Gjeld alt. 1  |
| Overføring          | 0                              | 0                             |               |
| Inntaksområde       | 1                              | 0,5                           |               |
| Røyrgate (vassveg)  | 50                             | 0                             |               |
| Riggområde          | 5                              | 0                             |               |
| Vegar               | 48                             | 10                            |               |
| Kraftstasjonsområde | 2                              | 1                             |               |
| Massetak/deponi     | 3                              | 0                             |               |
| Nettilknyting       | 3                              | 0                             | Jordkabel     |

### Arealbruk

Hovudriggplass er tenkt ved kraftstasjonsområdet, i tillegg til mindre riggplass ved inntaksområdet. Langs skogsvegen fra Rørvik, kan lunnepllassar nyttast som mellombelse røyrlager. Størrelsen på prosjektet tilseier ikkje at det blir sett opp brakkeleir i samband med utbygginga og at mannskap vil dagpendle inn til anleggsområdet.

### Eigedomsforhold

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er desse eigarane som førestår utbygginga gjennom selskapet Rørvik Kraft SUS. Det er inngått intensjonsavtale mellom grunneigarane, om utnytting av fallet til kraftproduksjon. Rørvik Kraft SUS vil inngå avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

## 2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

### Fylkesplanar

I fylkesdelplan for arealbruk er følgjande mål og strategiar gjevne i samband med vasskraft:

*"Mål*

*Sikre energiproduksjonen og –forsyninga, samstundes som viktige element som friluftsliv, naturverdiar og landskapsestetiske omsyn vert ivaretakne.*

### Strategiar

*Vasskraftressursane må forvaltast ut frå eit langsiktig og heilsakleg perspektiv på bruk og vern.*

*Det samla forbruket av energi må reduserast med sikte på å dempe behovet for nye utbyggingstiltak.*

## *Retningslinjer*

*For vassdrag som i 'Samla Plan for Vassdrag' er plasserte i kategoriene I og II, skal det normalt ikkje planleggjast eller utførast tiltak som vil kome i strid med ei eventuell framtidig kraftutbygging.*

*Eventuelle tiltak i strid med framtidig kraftutbygging skal avklarast gjennom planar på fylkesnivå i regi av fylkeskommunen/fylkesmannen"*

I gjeldande fylkesdelplan (Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2004) er det ynskje om å leggja til rette for vidare vasskraftutbygging. Forvaltninga av vasskraftressursane og fordeling av avkastninga frå kraftproduksjonen vert sett på som ein viktig del av utviklinga i fylket. Det vert lagt vekt på å oppretthalda folketal og busetnad og sikra lokal/ regional råderett over vasskraftressursane.

Det er laga ein regional plan (Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2010). Plana er ikkje vedteken pr. september 2012. Plana omhandlar tema knytt til vassdragsutbygging i Sogn og Fjordane, og gjev retningslinjer for korleis framtidig vasskraftutbygging skal skje. I samband med plana, er det laga temakart for ulike fagtema for alle kommunane i fylket. Temakarta viser også vasskraftpotensial i kommunane.

Fylkeskommunen har laga ei prioriteringsliste som syner korleis dei ulike arealinteressene skal handterast i samband med vasskraftutbygging:

*"1. prioritet:*

*Interesser av eineståande verdi. Konsesjonssøknader som kjem i konflikt med slike interesser må vurderast nøyne med vekt på "føre-var-prinsippet". Fylkeskommunen vil i utgangspunktet rå fra at det vert gjeve konsesjon til vasskraftverk som kjem i konflikt med slike interesser, dersom ikkje avbøtande tiltak kan ivareta slike interesser på ein tilfredstillande måte.*

*2. prioritet:*

*Interesser av svært stor verdi. Med avbøtande tiltak som opprettheld verdien til den aktuelle arealinteressa, vil fylkeskommunen normalt vere positiv til å rå til at konsesjon blir gjeve.*

*3. prioritet:*

*Interesser av stor verdi. Med avbøtande tiltak som i all hovudsak fjernar konflikten, vil fylkeskommunen normalt vere positiv til å rå til at konsesjon blir gjeve."*

Fylkestinget i Sogn og Fjordane har utarbeidd ein fylkesdelplan for klima og miljø (Fylkestinget, 2009). Her er det sett delmål og hovudstrategiar i samband med reduksjon av klimagassutslepp for å nå det overordna målet om å "ta sin del for å nå dei nasjonale måla om å verte klimagassnøytral i 2030":

*"Delmål vasskraftproduksjon*

*Tilpassa forvaltninga av vasskraftressursane i fylket konsekvensane av klimaendringane.*

*Hovudstrategiar*

*Sikre og utvikle vasskraftproduksjon i fylket i forhold til endra klima."*

Sitat frå fylkesdelplanen som omhandlar spesifikt øvre deler av Osenvassdraget:

*Delområdet Flora-Bremanger omfattar største delen av Flora kommune pluss sørvestre delar av Bremanger (sør for Frøysjøen). Den delen av Osen-vassdraget som ligg i Gloppen (Storfjorden*

*med omland) er i tillegg med.*

*Det er viktige vinter- og trekkområde for storlom og songsvaner i øvre delar av Oselvvassdraget, og vatna nedover i vassdraget mot sjøen er også viktige for desse artane, i tillegg til smålom og ender.*

#### Kommuneplan

Prosjektområdet har status som LNF-område i gjeldande kommuneplan (for perioden 2008-2020).

#### Samla plan for vassdrag

Røyrvikstølsvatnet og vassdraget mellom Røyrvikstølsvatnet og Røyrvikvatnet vart behandla i samla plan i St. meld. Nr. 63(1984-85).

Kort omtale av planane:

- I samla plan var det utarbeidd 2 alternativ til utnytting av fallet frå Røyrvikstølsvatnet med vatnet som reguleringsmagasin.
- Alternativ A vart kalla Røyrvik kraftverk, der inntak var plassert i Røyrvikstølsvatnet, mens kraftstasjonen var tenkt plassert ved Røyrvikvatnet. Planlagt regulering av Røyrvikstølsvatnet var 8 meter (kote 554-546). Kraftproduksjon (medel år) 14 GWh.
- Alternativ B vart kalla Ommedal kraftverk, der inntak var plassert i Røyrvikstølsvatnet, mens kraftstasjonen var tenkt plassert ved Ommedalsvatnet. Planlagt regulering av Røyrvikstølsvatnet var her også 8 meter (kote 554-546). Kraftproduksjon (medel år) 21 GWh.
- Røyrvik kraftverk vart plassert i kategori I (Gruppe 4), noko som betyr at prosjektet kan konsesjonhandsamast.
- Ommedal kraftverk vart plassert i kategori I (Gruppe 3)

#### Verneplan for vassdrag

Nipeelva er ikkje verna.

#### Nasjonale laksevassdrag

Prosjektet vil ikkje påverke nasjonale laksevassdrag.

#### Ev. andre planar eller beskytta område

Tiltaket vil ikkje komme i konflikt med verneområder. Det vil heller ikkje bli konflikt med andre område verna etter naturvernloven/naturmangfaldloven, kulturminneloven eller statleg sikra friluftsområde. Det er ingen andre kjente planar/beskytta område som vil bli påverka av ei utbygging.

#### EUs vassdirektiv

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmyndighet for vassregionen som Nipeelva høyrer inn under. Nedbørfeltet høyrer inn under vassområde Sunnfjord.

Økologisk tilstand har klassifisering "antatt god". Økologisk potensial og kjemisk tilstand er ikkje definert. Det er "ingen risiko" for at miljømålet for vassførekomsten ikkje blir nådd innan 2021.

### 3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

I samband med den planlagde kraftutbygginga har Aurland Naturverkstad gjort registreringar av naturtypar og raudlista arter, resultata er omtala i eigen rapport, sjå vedlegg 9. Dokumentasjon av hydrologiske tilhøve er gjort av Kjetil Vasskin på SWECO.

#### 3.1 Hydrologi

Avrenninga til Nipeelva er eit overgangsregime frå kyst- til innlandsregime. På våren er vassføringa høg, men vårflaumen startar ikkje før i mai og avtek først i midten av juli. I august og starten av september er normalt vassføringa i Nipeelva på det lågaste, og i år der det er ei til to veker opphaldsvær i slutten på august, kan elva på det nærmeste tørke ut. I første del vinteren er vassføringa relativt høg, og avtar til det lågaste nivået i slutten av februar og byrjinga av mars.

Middelvassføringa til kraftverket er berekna til 582 l/s. Utbygginga vil påverke vassføringa mellom inntaket og utløpet frå kraftstasjonen. Utanom flaumperiodar og periodar med så låg vassføring at kraftverket blir stoppa, vil vassføringa her bestå av vassføring frå restfeltet på 210 l/s, pluss minstevassføring som blir sleppt gjennom inntaket.

Kraftverket er dimensjonert for maksimal slukeevne lik 200 % av årleg middelvassføring. Dagens middelvassføring er berekna til 0,582 m<sup>3</sup>/s.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 26 l/s. Vassføringa som underskridast 5 prosent av tida i ein bestemt periode kallast 5-persentil. 5-persentilen for sommar (1/5 – 30/9) er 40 l/s. Det tilsvarande talet for vinterhalvåret, 5-persentil vinter (1/10 – 30/4), er 36 l/s.

Forslag til slepp av minstevassføring er lik 5-persentil som er 40 liter/sek i sommarhalvåret og 36 liter/sek. i vinterhalvåret.

Dagens naturlege avrenning frå restfeltet (feltet mellom inntaket og utløpet) er 210 l/s som middel over året. Dei hydrologiske verdiane er vist i hovuddatatabellen Tabell 4.

For Nipeelva vil ca. 94,1 % av vassmengda nyttast til kraftproduksjon på årsbasis, mens 5,9 % vil sleppast forbi inntaket på grunn av vassføring over maks slukeevne, slepping av minstevassføring eller stans av kraftverket ved for låg vassføring. Gjeld for alternativ 1. For alternativ 2 vil 93 % av vassføringa nyttast til produksjon, mens 7 % er vasstap og slepp av minsevassføring. For alt 3 er fordelinga 77,7 % til produksjon og 22,3 % til slepping av minstevassføring og tap.

**Tab.8:** Tal dagar med:

Alternativ 1

|   | Tørt år | Middels år | Vått år |
|---|---------|------------|---------|
| Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne                           | 0       | 0          | 0       |
| Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + minste slukeevne | 0       | 0          | 0       |

## Alternativ 2

|   | Tørt år | Middels år | Vått år |
|---|---------|------------|---------|
| Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne                           | 0       | 0          | 0       |
| Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + minste slukeevne | 0       | 0          | 0       |

## Alternativ 3

|   | Tørt år | Middels år | Vått år |
|---|---------|------------|---------|
| Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne                           | 30      | 38         | 74      |
| Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + minste slukeevne | 28      | 37         | 70      |

## FYLLINGSKURVER REGULERINGSMAGASIN.

Det er planlagt regulering av Røyrvikstøylsvatnet. Fyllingskurvene for alternativ 1 og alternativ 2 er vist i vedlegg 4.

### 3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Nipeelva ligg i eit område som er prega av både kyst- og innlandsklima. Midlare nedbør i nedbørfeltet ovanfor inntaket er ca. 2414 mm/år.

Skadeleg isgang er ikkje observert i Nipeelva og terrenget langs elva ber heller ikkje preg av at det har gått sørpe eller isras i elva.

Det finns ikkje måling av vasstemperatur for Røyrvikstøylsvatnet. Vatnet vert normalt islagt i november – desember og går opp i mai- juni.

#### 3.2.1 Konsekvensvurdering

I elva ovanfor kraftverket, der det blir redusert vassføring, kan vasstemperaturen i kalde periodar utan snø dekke bli noko lågare enn i dag. Tiltaket vil få liten negativ konsekvens for vasstemperatur, isforhold og lokalklima under drift.

### 3.3 Grunnvatn

Reduksjonen i vassføringa mellom inntaket og kraftstasjonen vil ha liten/ubetydeleg verknad på grunnvasstanden i og ved Nipeelva. Det er synleg fjell fleire stader i elva. Minstevassføring og tilsig frå restfeltet vil syte for at nivået på grunnvasstanden blir ivaretatt.

#### 3.3.1 Konsekvensvurdering

Konsekvensen for grunnvatn forventast å bli ubetydelege.

### **3.4 Ras, flaum og erosjon**

Kortvarige flaumar vil bli mindre etter utbygging. Langvarige flaumar vil også bli reduserte, men i mindre grad. Dei fleste større flaumar i vassdraget finn stad på hausten, etter snøfall med påfølgjande mildver, regn og vind.

Det er ikkje observert ras i prosjektområdet. Observasjonar langs elva syner at det ikkje kan ha gått lausmasse eller flaumskred i den seinare tid.

Ein har ikkje kjennskap til at områda der det er planlagt vregar, røytrasear, inntak og kraftstasjon er spesielt utsett for skred.

Massetransport og erosjon i elva vil bli noko redusert etter utbygging. I Røyrvikstøylsvatnet vil det bli ein marginal auke i sedimenttransport for alternativ 1. Dette alternativet vil gje ei nedtapping av magasinet som er om lag 40 cm under naturleg vasstandsvariasjon. Erfaringar frå slike nedtappingar er at ein i bekk og elveosar får graving i elvedeltaet når dette blir tørrlagt. Sediment/massetransporten vil raskt avta når desse er flytta ut på djupare vatn, under LRV. For alternativ 2 og 3 blir det ingen endringar i forhold til massetransport og erosjon, då ein ikkje regulerer Røyrvikstøylsvatnet utanom naturleg vasstandsvariasjon.

Avløpet frå kraftstasjonen vil bli plastra slik at ein unngår erosjon frå avløpsvatnet.

#### *3.4.1 Konsekvensvurdering*

Tiltaket vil få ein positiv konsekvens for massetransport og flaumar i Nipeelva, mens konsekvensen for ras vil bli undra. Ein vil få ein liten auke av erosjon i elveosar i Røyrvikstøylsvatnet for alternativ 1, dei første åra etter utbygging. Tiltaket vil få ein liten negativ konsekvens for ras, flaum og erosjon.

### **3.5 Raudlistearter**


Praktdraugmose er funnen på nordsida av en rekke små haugar på sørsida av Røyrvikstøylsvatnet.

Gubbeskjegg, sprikeskjegg, skorpefiltlav og olivenfiltlav er funnen i gammal skog og er trua av hogst.

Ein einslig alm blei funnet et stykke oppi lia. Alm er trua grunna beiteskader av hjort.

Storlom er tidligare registrert i Røyrvikstøylsvatnet og blei også observert under synfaringa til Aurland Naturverkstad.

Prosjektområdet har middels verdi for raudlistearter.



**Fig.13:** Raudlistearter

Tabellen viser registrerte raudlistearter.

For ytterleg informasjon sjå vedlegg 9 – kap 4.4 Rødlistearter.

### 3.5.1 Konsekvensvurdering

Raudlisteartane som er omtala i BM rapporten ligg i hovudsak utanfor inngrepssonene til prosjektområdet. Når det gjeld hekkande lom ved Røyrvikstøylsvatnet vil eit avbøtande tiltak vere å redusere reguleringa av vatnet til 30 cm for alternativ 1 og 2. i hekketida. Tiltaket vil få ein liten negativ konsekvens for raudlistearter.

**Tab.9:**

| Artsguppe  | Navn           | Rødliste 2010                    |
|------------|----------------|----------------------------------|
| Lav        | Gubbeskjegg    | Alectoria sarmentosa<br>NT       |
|            | Sprikeskjegg   | Bryoria nadvornikiana<br>NT      |
|            | Skorpefiltlav  | Fuscopannaria ignobilis<br>NT    |
|            | Olivenfiltlav  | Fuscopannaria mediterranea<br>DD |
|            |                | Hypogymnia incurvoides           |
| Moser      | Praktdraugmose | Anastrophillum donnianum<br>VU   |
| Karplanter | Alm            | Ulmus glabra<br>NT               |
| Fugl       | Storlom        | Gavia arctica<br>NT              |

Registrerte raudlistearter i influensområdet.

### **3.6 Terrestrisk miljø**

Nipeelva dannar større og mindre stryk på den brattaste delen av prosjektstrkninga. Ved nokre av stryka vil vegetasjonen bli påverka av fossesprøyt ved høg vassføring. Det er ikkje registrert raudlistearter på denne delen av strekninga. Bekkekløfta blir vurdert til å ha ein svak B-verdi. Det er observert fossekall langs elva i dette området.

I området mellom Øyravatnet og Nipa vil både vegen til inntaket og røyrraseen krysse eit område som veksler mellom høgstaodeskog, lågurtskog og enkelte parti med blåbærskog. Osp, rogn og furu, selje, hassel og alm er dei vanlegaste treslaga. Området blir vurdert til B – verdi.

Aust for Øyravatnet vil høgspentkabelen krysse over eit stort myrområde. Myra har tidlegare vore vurdert til å ha regional verdi. Området blir vurdert til B – verdi.

Område mellom Nipa og Rørvikstøylsvatnet består av eit kupert heirområde. Praktdraugmose er funnen i dette området. Lokaliteten vurderast som viktig-B.

Ved Rørvikstøylsvatnet er det registrert storlom. Lomen legg reir i strandkanten og regulering utanom naturleg vasstandsregulering (alt 1) kan gje negativ konsekvens i forhold til hekking.

For heile influensområdet er det aukande og stor bestand av hjort.

#### *3.6.1 Konsekvensvurdering*

Prosjektområdet vurderast til å ha middels til liten verdi og ei utbygging vil ha liten konsekvens.

### **3.7 Akvatisk miljø**

Både i Rørvikstøylsvatnet og Øyravatnet er det registrert røye og aure. Fram til midten av 1900 talet var aure den einaste fiskearten i Rørvikstøylsvatnet. Etter utsetjing av røye, auka bestanden av denne arten raskt. Ved alternativ 2 og 3 vil gyteforholda i vatnet ikkje bli endra, mens alternativ 1 vil gje dårligare gyteforhold for aure. Øyravatnet ligg ikkje innanfor influensområdet til Øyrane kraftverk, mens elvestrekninga mellom vatnet og utløpet av kraftverket er gyteområde for fiskebestanden i Øyravatnet. Vandringshinderet ligg ved det planlagde utløpet av Øyrane kraftverk.

Det er kjent at det er ål i nedre del av Osenvassdraget, fram til Sagefossen ovanfor Kroksadvatnet. Frå og med Eimhjellevatn og vidare oppover i vassdraget er det ikkje observert ål.

Prosjektområdet mellom inntaket og kraftstasjonen har liten verdi for akvatisk miljø.

Rørvikstøylsvatnet har middels verdi for akvatisk miljø.

#### *3.7.1 Konsekvensvurdering*

Aure og røyebestanden i Rørvikstøylsvatnet vil ikkje bli påverka av ei utbygging etter alternativ 3 mens det er usikkert om ei utbygging etter alternativ 2 vil få konsekvensar for akvatisk miljø. Ei utbygging etter alternativ 1 vil gje ein negativ konsekvens for aurebestanden, mens redusert røyebestand kan vere ein positiv konsekvens av utbygginga.

Prosjektområdet melom inntak og kraftstasjon har liten verdi som fiskeelv og konsekvensen av ei utbygging vil vere liten negativ for akvatisk miljø.

### **3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag**

Tiltaket er ikkje del av vassdrag som er verna etter Verneplan for vassdrag eller beskytta som Nasjonale laksevassdrag.

### 3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Prosjektområdet ligg i landskapsregion 22, underregion 22.17 Hyen. (Puschmann 2005). Området ligg om lag 2,5 km nordaust for grenda Rørvik og 6 km sørvest for tettstaden Hyen. Influensområdet omfattar Rørvikstøylsvatnet, Nipedalen, Aurhammarslia og myr og skogområda nordaust for Øyravatnet.



**Fig.13:** Oversiktsbilde over prosjektområdet. Bildet er teke frå det området som gjev best innsyn mot fossepartiet i elva.

Nipeelva renn i botnen av Nipedalen frå Rørvikstøylsvatnet på kote 552 og ned til om lag kote 500, der terrenget blir brattare. Herfrå går elva i fossar og stryk til den roar seg nede i dalbotnen om lag på kote 300. Herfrå renn den i eit flatare parti, for så å gå over i stryk nedover mot kraftstasjonområdet.



**Fig.14:** Bekkekløfta i Nipedalen

Når ein går hovuddalen innover frå Rørvik og i området rundt Øyravatnet er elva ikkje synleg på grunn av den tette skogen langs elva og at elva i nokre parti renn gjennom kløft i terrenget. Dei tekniske inngrepa som er planlagt i samband med kraftutbygginga som kraftstasjonsbygning, inntak og veg, vil etter utbyggars synspunkt ikkje bli skjemmande i terrenget. Inntaket vil få det meste av konstruksjon senka ned i terrenget, mens kraftstasjonen vil bli lagt i skogkanten, med veggar i trematerialar og med torv eller skifer på taket. Visuelt er det vegen til inntaket som vil endre landskapet mest, dei første åra etter at anleggjarbeidet er avslutta, men etter revegtering vil vegen ligge fint i landskapsbiletet.

Av varige endringar visuelt, er redusert vassføring i fossestryka i nedre del av Nipedalen. Sjå fig. 7.

### **Inngrepsfrie naturområde (INON)**

Bortsett frå skogsvegen som går innover mot botnen av Rørvikdalen er prosjektområdet ikkje påverka av tekniske inngrep.

Arealet på inngrepsfrie naturområde INON er avhengig av kva alternativ som blir utbygd og korleis ein definerer ei regulering innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Dersom ein held Rørvikstøyvatnet utanfor, vil bortfall av INON sone 2 område bli på om lag 2,5 km<sup>2</sup>. Det vil ikkje bli bortfall av INON sone 1 område fordi prosjektområdet ligg midt mellom dalføra i Hyen, med kraftlinjer og fylkesvegar rundt heile området i ein avstand frå prosjektområdet frå 3-5 km.

Verdien av landskapet vurderast til å vere middels.

#### *3.8.1 Konsekvensvurdering*

Ei utbygging er venta å påverke landskapet i liten grad og med liten negativ konsekvens.

### **3.10 Kulturminne og kulturmiljø**

I følgje kartdatabasen til Riksantikvaren, askeladden.ra.no, finst det ikkje automatisk freda kulturminne (frå før reformasjonen) i prosjektområdet. Det er heller ingen freda bygningar, men på Rørvikstøyen finst det tre bygningar som er registrert i SEFRAK-registeret (bygningar over 100 år). Ingen av SEFRAK-bygningane vil bli påverka av ei utbygging.

Basert på kunnskap som føreligg (pr. november 2012) blir prosjektområdet vurdert til å vere av liten verdi for kulturminne.


Det er teke kontakt med kulturavdelinga hos S&F fylkeskommune både pr. telefon og e-post for orientering om prosjektet og for å mot ta råd. Råd frå fylkeskommunen var medverkande til at ein forkasta alternativ 4, der vegen til inntaksområdet måtte gå i same trasee som «Støyrsåsa» (stien til støylosområdet).

Det vart i oktober 2015 på nytt teke kontakt med kulturavdelinga hos S&F fylkeskommune for å informere om status for konsesjonssøknaden. Representanten for kulturavdelinga, Knut Ivar Åland ynskte ikkje å komme med innspel før søknaden kom ut på høyring.

Basert på den kunnskapen ein har på noverande tidspunktet er verdien i forhold til kulturminne liten.

#### *3.8.1 Konsekvensvurdering*

Slik planane er presentert no, vil ikkje tiltaket komme i konflikt med kjende kulturminner og konsekvensen er derfor ubetydeleg.



**Fig.15:** Registrerte kulturminner i området.

### 3.11 Reindrift

Det er ikkje reindrift eller rein i prosjektområdet.

### 3.12 Jord- og skogressursar

Det er ikkje dyrka mark innanfor prosjektområdet. Området ovanfor skoggrensa blir nytta som beiteområde for småfe, mens området lenger nede mot kraftstasjonen og Øyravatnet blir nytta som beiteområde for storfe. Nipedalen har ikkje vore beita av storfe dei siste tiåra, fordi terrenget nedst i dalen er for bratt for dagens storferaser. Den nye vegen vil opne for beiting for storfe i Nipedalen og fjellområda rundt dalen. Vegen vil også i stor grad gjøre arbeidet enklare når ein skal sjå etter dyra i området.

Skoggrensa i prosjektområdet går på om lag kote 500. Skogen opp mot skoggrensa er av eldre dato, og det er ikkje teke ut skog her i seinare tid. I nedre del av området er skogen av nyare dato.

Før anleggsarbeidet startar må det hoggast skog for veg og grøftetrase. Vegen til inntaksområdet vil betre forholda for skogsdrift.

Verdien for jord og skogressursar er middels stor.

#### 3.12.1 Konsekvensvurdering

Bygginga av Øyrane kraftverk og i første rekke vegen til inntaksområdet vil gje ein middels positiv konsekvens både for tilkomst til skogsområder og områder der det er beitande husdyr.

### **3.13 Ferskvassressursar**

Det er ikkje drikkevassutak eller planar om dette i prosjektområdet. I anleggsfasen vil grøfte og vegarbeide til tider påverke vasskvaliteten i elva noko. I driftsfasen vil utbygginga gje ubetydelege påverknadar. Verdien for ferskvassressursar er liten.

#### *3.13.1 Konsekvensvurdering*

Tiltaket vil ha ein liten negativ konsekvens i byggefase og ubetydeleg konsekvens i driftsfase.

### **3.14 Brukarinteresser**

Området blir i første rekke nytta som jaktområde. Elva mellom utløpet frå kraftstasjonen og utløpet til Øyravatnet er også nytta som fiskeelv. Denne elvestrekninga vil ikkje få redusert vassføring og utbygginga vil soleis ikkje påverke elvestrekninga negativt.

Området vert ikkje nytta til reiseliv, turisme eller friluftsliv. Stien til støylsområdet og fjellområda rundt Røyrvikstøylsvatnet går frå skogsvegen og opp Gjesdalen. Denne vert ikkje råka av utbygginga.

Verdien for brukarinteresser er middels.|

#### *3.14.1 Konsekvensvurdering*

Vegen til inntaksområdet vil få ein liten positiv konsekvens for jaktinteresser og stor positiv konsekvens i forhold til tilkomst til stølsområdet for innbyggjarane i Røyrvik.

### **3.15 Samfunnsmessige verknadar**

Utbygginga vil i første rekke bidra med inntekter til grunneigarane i Røyrvik. Den vil også gje skatteinntekter til kommune og stat. I anleggsfasen vil tiltaket gje ein mindre sysselsettingseffekt dersom ein nyttar lokale entreprenørar. I driftsfasen vil det bidra til 0,2-0,3 årsverk.

Øyrane kraftverk vil gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 11,6 GWh. Dette vil gje straum til ca. 526 husstandar.

Tiltaket vil ha ein middels verdi for samfunnsmessige verknade.

#### *3.15.1 Konsekvensvurdering*

Tiltaket vil gje ein middels positiv økonomisk konsekvens for grunneigarane i Røyrvik og ein liten økonomisk konsekvens for Gloppen kommune og storsamfunnet.

### **3.16 Kraftliner**

Det vil ikkje bli bygd nye kraftliner for å få ut straumen frå Øyrane kraftverk. Det er planlagt å grave ned 620 meter høgspentkabel i eiga grøft fram til inntaket til Røyrvik kraftverk, og vidare er det planlagt at høgspentkabelen skal leggast i felles grøft (660 meter) med røyrgata til Røyrvik kraftverk fram til tilkoplingspunktet ved Røyrvikvatnet. Som eit avbøtande tiltak av å grave ned høgspentkabelen over myra mellom kraftstasjonen og inntaket til Røyrvik kraftverk, vel ein å gjere seg nytte av forslaget frå BM rapporten om å ikkje nytte drenerande masser i kablgrøfta.

Verdien av myrområdet dom det er planlagt at høgspentkabelen skal gå vert er vurdert til middels.

#### *3.16.1 Konsekvensvurdering*

Konsekvensen av kabelgrøfta vurderast som liten til middels negativ

### **3.17 Dam og trykkrøyr**

Vedlagt søknaden ligg berekningar for vurdering av konsekvens av røyrbrot og dambrot ved Øyrane kraftverk.

**Dam/terskel:** Terskelen ved inntaket til Øyrane kraftverk vil få ei høgde på 0 - 1,5 meter, og ei samla lengde på ca. 20 meter. Ved eit brot vil ikkje vassføringa bli større enn ved flomvassføring og vatnet vil gå direkte tilbake til elva.

Forslag: Inntaksdammen plasserast i konsekvensklasse 0.

**Trykkrøyr:** Det er planlagt GRP (glasfiberarmert) rør i øvste del av traseen, mens det er tenkt brukt duktile stålrojr frå kote 525 og ned til kraftstasjonen. Ved eit brot på trykkrøyret vil vatnet renne tilbake til elva. Det er ikkje bustadhus eller viktig infrastruktur innanfor kastevidda frå røyret ved eit eventuelt brot på trykkrøyret.

Forslag: Trykkrøyret til Øyrane kraftverk plasserast i konsekvensklasse 0.

### **3.18 Ev. alternative utbyggingsløysingar**

I tillegg til dei tre presenterte alternativa, har det vore vurdert to andre utbyggingsløysingar:

Alternativ 4: Det har vore sett på eit alternativ med inntak i vestre ende av Røyrvikstøylsvatnet, bora fullprofilhol til lia ovanfor Øyravatnet og nedgraven røyrgate fram til kraftverket som var planlagt på nordsida av vatnet. Fordelen med alternativet var kort vassveg og dermed lite tap. Ulempene er redusert vassføring i den nediste delen av Nipeelva mot Øyravatnet og høge kostnadar på fullprofilboring. I samtale med representant frå kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vart det frå rådd å legge vegen til inntaket i same område som «Støylsråsa», (stien til støylsområdet). Å bevare «Støylsråsa» var eit av argumenta for å forkaste dette alternativet.

Alternativ 5: Eit alternativ der inntaket er flytta lenger ned i Nipedalen og kraftverket flytta lenger opp, har vore vurdert. Ein ville med eit slikt alternativ nytte den delen av elva son var brattast. Ved nøyare vurdering såg ein at terrenget langs denne delen av elvegjelet er svært sideskrått og bratt og at dette ikkje teknisk let seg gjere utan boring på det brattaste partiet. Grunna kostnaden med boring og sterkt redusert fallhøgde/produksjon vart dette alternativet ulønsamt.

Bakgrunn for valt løysing: Ein har først og fremst sett på korleis ein kan plassere grøftetraseen på ein best mogeleg måte. Frå kraftverket til inngangen av Nipedalen på kote 530 har grøftetraseen ei optimal helling (15- 30 grader). Frå dette punktet og fram til inntaket er det planlagt jamn stigning der røyret han ligge i felles trase med vegen. Røyrvikstøylsvatnet har eit areal på  $1,5 \text{ km}^2$ , og ved å regulere vatnet med ein meter vil ein kunne auke produksjonen med 1.5 GWh. Ein vil også kunne oppnå ein betre pris på straumen ved å auke produksjonen på dagtid, for så å redusere denne på natt, då prisen ofte går ned. Mindre flaumar kan haldast noko igjen, noko som vil gje positiv effekt både for nettet i området og for kraftverka nedstrøms.

Ved å plassere av kraftstasjonen 320 meter ovanfor utløpet i Øyravatnet, vil ein bevare den delen av elva som blir nytta som fiskeelv.

### **3.19 Samla vurdering**

**Tab.10:** Verdi og konsekvensvurdering av dei enkelte fagtema.

| Tema                        | Konsekvens<br>vurdering konsulent | Konsekvens<br>vurdering konsulent for<br>BM rapport |
|-----------------------------|-----------------------------------|---|
| Vasstemp., is og lokalklima | <i>Liten negativ</i>              |   |
| Grunnvatn                   | <i>Ubetydeleg</i>                 |   |
| Ras, flaum og erosjon       | <i>Liten negativ</i>              |   |
| Raudlisteartar              | <i>Liten negativ</i>              | <i>Middels negativ</i>                              |
| Terrestrisk miljø           | <i>Liten negativ</i>              | <i>Middels negativ</i>                              |
| Akvatisk miljø              | <i>Liten negativ</i>              | <i>Middels negativ</i>                              |
| Landskap                    | <i>Liten negativ</i>              |   |
| Kulturminne og kulturmiljø  | <i>Ubetydeleg</i>                 |   |
| Jord og skogressursar       | <i>Middels positiv</i>            |   |
| Ferskvassressursar          | <i>Ubetydeleg</i>                 |   |
| Brukinteresser              | <i>Middels positiv</i>            |   |
| Samfunnsmessige verknader   | <i>Liten til middels positiv</i>  |   |
| Kraftliner/kabelgrøft       | <i>Liten til middels negativ</i>  |   |

#### Grunngjeving for ulik konsekvensvurdering.

Konsulent for BM rapporten har utført ei konsekvensvurdering i sin rapport som er meir utfyllande i forhold til biologisk mangfald. Viser til BM-rapport kap. 5 side 15.

Konsulent for søknad har på nokre områder vurdert konsekvensane for tiltaket som mindre negativ enn konsulent for BM-rapport. Bakgrunnen for dette er at ein gjennom prosessen med utarbeiding av konsesjonssøknaden har komme fram til løysingar som vil reduserer konsekvensen for fleire av dei tema som er vurdert. Fleire av tiltaka kjem frå avbøtande tiltak frå BM-rapporten.

Når det gjeld regulering av Røyrvikstølsvatnet vurderer konsulent/ utbyggar konsekvensen av ei regulering for å vere liten, sett i forhold til akvatisk miljø. Bakgrunnen for desse vurderingane er gjort med utgangspunkt i lokale innbyggjarar sine eigne erfaringar frå fiske i Røyrvikstølsvatnet og Røyrvikvatnet, men også frå dei erfaringar som er gjort i Eimhjellevatn, som ligg lenger nede i vassdraget. Eimhjellevatn er inntaksmagasin for Sagefossen kraftverk, som var sett i drift i 1986 og har ei reguleringshøgde på 2 meter. I ein rapport utarbeidd av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (rapport nr. 7-2009), ser ein at det blir konkludert etter prøvefiske i 2008, at det framleis er mykje småfisk i vatnet og at ei utfisking hadde vore gunstig. Kondisjonsfaktor på spesielt røye var betre ved prøvefiske 2008 enn for eksempel ved prøvefiske i 1980; før utbygging. Størrelsen på fisken i Eimhjellevatn og Røyrvistøylvatn er slik ein kan vurdere det nokon lunde lik. Ved ei nedtapping av Røyrvikstølsvatnet med 1 meter, forventar ein ikkje at konsekvensen av nedtappinga blir større enn i Eimhjellevatn.

For storlom som hekkar i Røyrvikstølsvatnet er det planlagt tiltak ved redusert nedtapping til 30 cm under HRV i hekketida. Dette saman med hekkekasser for fossekall er tiltak som reduserer konsekvensen ved ei utbygging.

BM-rapporten vurderer konsekvensen av ei utbygging til å vere middels negativ i forhold til raudlistearter og terrestrisk miljø. Det meste av grunngjevinga er knytt til redusert vassføring i Nipedalen. Rådgjevar for søknad vurderer konsekvensen for «liten negativ» fordi elva i Nipedalen får

tilført godt med restvassføring heilt frå inntaket og ned til den planlagde kraftstasjonen. Her vil medelvassføringa bli 210 l/sek i tillegg til minstevassføringa som blir sleppt frå inntaket.

### 3.20 Samla belastning

Hyenområdet har i dag 6 kraftverk i drift. I tillegg er det fleire under planlegging. Det er usikkert kor mange av desse som blir realisert.(sjå fig.2 og 3- tab. 2 og 3 ).

#### Biologisk mangfold.

Aurland Naturverkstad har utarbeidd ei vurdering av sum belastning av dei to planlagde utbyggingane, Øyrane kraftverk og Røyrvik kraftverk. (sjå vedlegg 9, kap. 4.6)

#### Landskap

Redusert vassføring vil redusere inntrykkstyrken til elva og dermed naturopplevinga på prosjektstrekninga. Det finns mange vassdrag med liknande kvalitetar, både i nærområda og i regionen som blir tekne vare på gjennom vern.

Det finns ikkje nokon etablert metodikk for vurdering av samla belastning for fleire kraftutbyggingar innanfor eit geografisk område. Rådgjevar/ utbyggar sitt syn på dette temaet er at dette er relevant langs nokre vestlandsfjordar der fleire fossar forsvinn grunna småkraftutbyggingar.

Dei to elvestrekningane som blir påverka i Røyrvikområdet er lite synlege i landskapsbildet og opplevinga av landskapet vil i liten grad bli forringa.

Småkraftutbyggingar i Hyenområdet dei seinare åra, har vist at dei gardsbruksområda som har fått betra økonomien grunna kraftinntekter har kunne fortsetje å driva småbruksområda og halda desse i hevd.

Alternativet er attgroing og forringing av kulturlandskapet.

## 4 Avbøtande tiltak

Det vil bli lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein unngår skjemmande sår i terrenget. Vegetasjonsdekket vil bli teke vare på og re - etablert der det er hensiktsmessig. Kraftstasjonen vil bli tilpassa lokal byggeskikk.

For å redusere støy frå turbinen, vil avløpet frå turbinen bli dykka.

#### Minstevassføring

Under kap. 2.2.1 Hydrologi og vedlegget «skjema hydrologi», er det gjor greie for forslag til minstevassføring.

Planlagt minstevassføring er tenkt lik 5-persentil som i sommarhalvåret er 40 liter/sek, mens 5-persentil og forslag til minstevassføring for vinterhalvåret er 36 liter/sek.

Ei minstevassføring i denne størrelsen vil ikkje vere tilstrekkeleg til å gje fossesprøyt i same omfang som i dag. Då det pr. i dag er lite kjennskap til korleis redusert vassføring verkar på fuktrevjande flora, finns det ikkje noko godt grunnlag for å seie kor stor minstevassføringa må vere for at dei negative verknadane skal bli redusert. Eit forslag til avbøtande tiltak er å plassere hekkekasser for fossekall i bekkeklofta i Nipedalen.

#### Regulering av Røyrvikstøylsvatnet.

Storlommen som er observert i området og er på lista over raudlisteartar, kan hekke i strandsona ved Røyrvikstøylsvatnet. Det kan derfor vere aktuelt for alternativ 1 og 2, å ikkje tappe vatnet lenger ned enn 30 cm under HRV i perioden 15.mai til 15. juli.

## Høgspentlinje fram til inntak Røyrvik kraftverk.

I BM rapporten har myra mellom kraftstasjonen til Øyrane kraftverk og inntaket til Røyrvik kraftverk fått stor verdi og graving av grøft for høgspentkabelen vil gje ein stor negativ konsekvens. Det kan derfor vere eit avbøtande tiltak å bygge ei 22 kV linje på denne strekninga. Det kan nemnst at den nye 132 kV linja mellom Gjengedal og Storebru vil krysse over det same området. Dersom ein likevel går for ei løysing der ein grep ned høgspentkabelen i grøft, vil eit avbøtande tiltak vere å ikkje nytte drenerande masser.

## **5 Referansar og grunnlagsdata**

Munnelege kjeder

- Torvald Støylen
- Jostein Arne Røyrvik
- Arne Gjengedal

### Litteratur

Vatne, S. og Bøthun, S.W. 2012. Øyrane kraftverk, Gloppen. Konsekvenser for biologisk mangfold. Aurland Naturverkstad rapport 6-2012.

Statens vegvesen 2006. Konsekvensanalyser – veileding. Håndbok 140, 3. utg. Nettutgave.

NVE 2010. Kostnadsgrunnlag for små kraftanlegg.

OED 2007. Retningslinjer for små kraftverk til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling.

### *Nettbaserete databaser*

NGU Berggrunn: [www.ngu.no/kart/berggrunn](http://www.ngu.no/kart/berggrunn)

NGU Løsmasser: [www.ngu.no/kart/losmasse](http://www.ngu.no/kart/losmasse)

Direktoratet for naturforvaltning INON: [http://dnweb12.dirnat.no/inon/NB3\\_viewer.asp](http://dnweb12.dirnat.no/inon/NB3_viewer.asp)

NVE Atlas: <http://arcus.nve.no/website/vannkraftverk/viewer.htm>

NVE lavvann: <http://gis.nve.no/ge/Viewer.aspx?Site=Lavvann>

Fylkesatlas Sogn og Fjordane: <http://fylkesatlas.no/>

Riksantikvaren: <http://www.kulturminnesok.no/>


## **6 Vedlegg til søknaden**

1. Regionalt kart.
2. Oversiktskart over nedbørdfelt.
3. Detaljert kart over utbyggingsområdet. (1:5000 A3)
4. Hydrologiske kurver.
5. Fotografiar av påverka område
6. Fotografi av vassdraget under ulike vassføringar
7. Oversikt over grunneigarar og rettshavarar.
8. Netttilknyting.
9. Biologisk mangfald-rapport.

Ikkje opptrykte vedlegg:


Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold (til hydrologisk avdeling, NVE)

Klassifisering av trykkrør og dam med skjema. (til seksjon for damsikkerhet, NVE)

**VEDLEGG 1:****OVERSIKTSKART**


## VEDLEGG 2:

### OVERSIKTSKART NEDBØRFELT - HOVEDLAYOUT FOR KRAFTVERKET



## VEDLEGG 3:


### PLANSKISSE OVER PROSJEKTOMRÅDET




## VEDLEGG 4:



### VASSFØRINGSKURVER ALT 1



**Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - tørt år - 2001**







**Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - tørt år - 2001**







**Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - middels år - 1991****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - middels år - 1991**



**Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - vått år - 2005****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - vått år - 2005**



**VASSFØRINGSKURVER ALT 2****Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - tørt år - 2001****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - tørt år - 2001**

**Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - middels år - 1991****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - middels år - 1991**





**VASSFØRINGSKURVER ALT 3****Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - tørt år - 2001****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - tørt år - 2001**



**Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - middels år - 1991****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - middels år - 1991**



**Øyrane kraftverk - Vannføring nedenfor inntaket - vått år - 2005****Øyrane kraftverk - Vannføring ovenfor utløpet - vått år - 2005**

**FYLLINGSKURVER REGULERINGSMAGASIN.**


Det er planlagt regulering av Røyrvikstøylysvatnet. Kurvene nedanfor viser vasstanden i Røyrvikstøylysvartnet eller utbygging for alternativ 1 og 2. Den blå linja viser HRV. Vasstanden før utbygging ligg før utbygging mellom kote 551,4 og 552.





**Øyrane kraftverk - Vannstand i magasin Alt 2 - tørt år - 2001****Øyrane kraftverk - Vannstand i magasin Alt 2 - vått år - 2005**

## VEDLEGG 5: FOTO FRÅ PÅVERKA OMRÅDE OG VASSDRAGET



Figur 1 Oversiktsbilde over prosjektområdet.



Figur 2 Øvre del av Nipeelva ved inntaksområdet.



**Figur 3** Nipedalen med Nipeelva i dalbotn.



**Figur 4** Nedre del av Nipeelva.



**Figur 6** Bekkekløfta i Nipedalen



**Figur 5** Kraftstasjonen er planlagt plassert midt i bildet.

## VEDLEGG 6:

### NIPEELVA VED ULIKE VASSFØRINGAR



**Figur 6.** Bilde av Nipeelva rett oppstrøms utløpet av kraftverket. Vassføring omlag  $2,5 \text{ m}^3$ .



**Figur 7.** Bilde av Nipeelva rett oppstrøms utløpet av kraftverket. Vassføring omlag  $0,7 \text{ m}^3$ .

**VEDLEGG 7:****OVERSIKT OVER GRUNN- OG FALLRETTSEIGARAR**

| Eigar               | Gnr/Bnr              | Eigarandel % |
|---------------------|----------------------|--------------|
| Arne Gjengedal      | 1/22                 | 24,55        |
| Anna Engelstad      | 2/22                 | 20,15        |
| Jostein Arne Rørvik | 3/22                 | 38,78        |
| Torvald Støylen     | 4, 6/22              | 6,11         |
| Erik Utheim         | 5/22                 | 2,87         |
| Rørvik krins        | 7/22                 | 0,10         |
| Solveig Rørvik      | 8/22                 | 5,73         |
| Karen Rørvik        | 9, 10, 11, 14, 15/22 | 1,43         |
| Inger Håvik         | 12/22                | 0,10         |
| Asbjørn Gjengedal   | 13/22                | 0,10         |
| Ingebjørg Baae      | 16/22                | 0,10         |

## **VEDLEGG 8:**

### **NETTILKNYTNING**

Nettet i området har i dag ikkje kapasitet for Øyrane kraftverk. SFE Nett har levert konsesjonssøknad for ny 132kV kraftleidning frå Storebru til Gjengedal i samband med konsesjonssøknaden av Gjengedal kraftverk. I grunngjevinga for denne leidningen er og nettløysing for Øyrane kraftverk teken med (medrekna under «andre planar»). SFE Nett har utarbeidd konsesjonssøknad for dei nødvendige nettanlegga samt gjere ei samla utgreiing av nødvendige tiltak i lokalt distribusjonsnett for tilkopling av planlagde kraftverk. Øyrane kraftverk vil nytte SFE Nett sin områdekonsesjon ved tilknyting til nettet.

Sjå vedlagt brev frå SFE Nett As.

Vår dato: 17.12.12  
Dykkar dato: 13.12.12  
Vår ref: 117607-1-1  
Dykkar ref: Erik Utheim



SFE Produksjon  
v/Erik Utheim  
Bukta  
6823 Sandane

## ***PLANAR FOR ØYRANE OG RØYRVIK KRAFTVERK I GLOPPEN KOMMUNE. NETTSITUASJONEN.***

Vi viser til Dykkar e-post 13.12.2012 med spørsmål om nettkapasitet for ovanfor nemnde kraftverk

Vi har følgjande kommentar til situasjonen i sentralnettet og i lokalt nett vedkomande Dykkar planar:

Den 01.04.09 vart det sendt eit brev til NVE frå Statnett i samarbeid med SFE Nett og Istad Nett om situasjonen i sentralnettet i mellom Ørskog og Aurland. I brevet er det gjort greie for den anstrengte situasjonen i sentralnettet i Sogn og Fjordane. Konklusjonen er at det ikkje kan tillatast at det blir tilkopla meir ny produksjon i nettet mellom Aurland og Ørskog enn dei kraftverka som hadde fått konsesjon før brevet var sendt og motteke av NVE. Statnett har, i samråd med SFE Nett, bestemt at alle kraftverk som måtte få konsesjon frå NVE etter den nemnde dato, vil få beskjed om at tilkopling til nettet ikkje kan tillatast før sentralnettet er opprusta og overføringskapasiteten er auka. I praksis betyr dette at den nye 420 kV linja frå Sogndal til Ørskog med nødvendig transformering til 132 kV må vere etablert. Dette vil då også gjelde for nettilkopling av Øyrane og Røyrvik kraftverk.

Konsesjon for den nemnde 420 kV linja med transformatorstasjonar mellom anna i Moskog og i Ålfoten-området er stadfesta av OED og bygging av anlegga er i gang. Nødvendige tiltak i sentralnettet er planlagt gjennomført i løpet av 2015. Det er knytt noko usikkerhet til tidspunktet for driftsklare anlegg.

Nettkapasiteten lokalt i Hyen er i dag nær fullt utnytta og det er ikkje kapasitet til Dykkar planlagde kraftverk utan omfattande nettiltak. Vi ser at det i det aktuelle området er fleire mogelege nye kraftverk som kan byggast ut i tillegg til dei som allereie er sett i drift. Prosjekta er komne ulikt langt når det gjeld planlegging og eventuelt avgjerd om konsesjonssøking og utbygging. SFE Produksjon har sendt melding til NVE om Gjengedal kraftverk i Hyen.

SFE Nett har sendt melding om ny kraftledning frå Storebru til Gjengedal, samt ny transformatorstasjon ved Skogheim/Åsane. Dette for å legge til rette for innmating av den planlagde produksjon både frå Gjengedal kraftverk og fleire planlagde småkraftverk i området. Dykkar planlagde kraftverk er rekna med blant desse. Konsesjonssøknad er under førebuing både for kraftverk og nett. SFE Nett vil kunne gje nærmere opplysningar om nødvendige lokale nettiltak for Dykkar kraftverksplanar når det nødvendige utgreiingsarbeidet er gjort. Nærare utgreiingar og konsesjonssøknad er planlagd utført i løpet av 2013.

Som det framgår vil ein ta høgde for at det skal vere nettkapasitet for alle aktuelle nye småkraftverk i Hyen-området dersom det vert framført 132 kV nett til området. Gjengedal kraftverk vil være ein utløysande faktor for dette.

*Kraftfull og nyskapande med lokale røter.....*

### **Sogn og Fjordane Energi AS**

Bukta, 6823 Sandane  
Telefon: 57 88 47 00  
Telefaks: 57 88 47 01  
Org. nr.: 984 882 092  
Bankkonto: 84808503696  
E-post: post@sfe.no

### **SFE Kraft AS**

